



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandler, innvalgstelefon

Ine Cecilie Jordalen Norum, 61 26 60 74

Høringsfråsegn - revisjonsdokument for reguleringa av Lærdalsvassdraget - Lærdal kommune

Vi viser til motteke brev frå NVE 30.01.2026 med høyring av revisjonsdokumenta for reguleringa av Lærdalsvassdraget i Lærdal kommune.

Bakgrunn

På bakgrunn av krav frå Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, Villreinutvalet for Nordfjella, Lærdal Elveeigarlag, Lærdal kommune og føringar frå NVE har Østfold Energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna beskriv reguleringane og vurderer dei ulempa ein er kjent med.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren i Innlandet vurderer at reguleringane i Lærdalsvassdraget i liten grad påverkar interesser i Innlandet direkte, men peikar samstundes på behovet for å vurdere eventuelle verknader for tilgrensande fjell- og naturområde. Dette er særleg viktig i lys av den samla belastninga på sårbare artar som villrein.

Søre Sulevatn ligg delvis i Vang kommune (Innlandet). Reguleringa har over tid endra levevilkåra for aurebestanden i Søre Sulevatn gjennom varierende strandsoner, endra næringsforhold og påverknad på gyte- og oppvekstområde. Vi vurderer det som viktig at dagens standard naturforvaltningsvilkår vert tekne inn i ein revidert konsesjon, og at eventuelle nye krav og tiltak bør byggje på oppdatert og fagleg dokumentert kunnskap om tilstand, påverknad og forventa effekt.

Statsforvaltaren har elles ingen ytterlegare merknader til høyringa av revisjonsdokumenta for reguleringa av Lærdalsvassdraget.

Med hilsen

Tore Pedersen (e.f.)

Ine Cecilie Jordalen Norum



avdelingsdirektør

seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

LÆRDAL KOMMUNE
Innlandet fylkeskommune
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Øyraplassen 7
Pb. 4404
Njøsavegen 2
Askedalen 2

6887 LÆRDAL
2325 HAMAR
6863 LEIKANGER
6863 LEIKANGER